# Bokn Bygdablad

Nr. 1 februar 2014 – Årg. 29




Slutt – s. 3



Nyttårshelsing – s. 8



Kulturprisen – s. 12



Forteljarmeister – s. 15

www.bygdabladet.no

KJEKT PÅ BOKN



# ORDFØRAREN HAR ORDET

*Kjære sambygding!*

**Nedlegging av akuttmedisinsk beredskapsbil i Bokn**

I over tjue år har Bokn kommune samarbeidd med Helse Fonna om ambulanse her i bygda. Men nye forskrifter og krav til ambulansepersonellet førde til at han i 2010 blei gjort om til ein såkalla «First-responder». Det er utanlandsk for ein akuttmedisinsk beredskapsbil, og Bokn kommune sin beredskapsbil har vore knytt til AMK-sentralen i Haugesund.



**Boknafjorden viste muskler 5. desember i fjor.**

**Foto: Ørjan Pedersen**

Sidan 2010 har kommuneleiinga knegått dei sentrale styresmaktene for å få til løysingar som gjorde at ambulansedrifta her kunne halda fram. Særleg var me opptekne av å få til ei ordning når det galdt kompetansekrava. Diverre enda det heile med at Helse- og omsorgsdepartementet ikkje ville gjera endringar i desse krava. Med det var det også kroken på døra for eit formalisert samarbeid om ambulansedrifta i Bokn med Helse Fonna.

Tida har ikkje vore på Bokn-ambulansen si side. Det nye T-sambandet korta ned reisetida mellom ambulansestasjonen i Haugesund og Bokn så mykje at Bokn kommune gav opp å halda fram med ei så kostbar teneste, som heller ikkje er lovpålagt for kommunesektoren. Ambulanseteneste er ei statleg oppgåve, medan kommunane bare har ansvar for akuttmedisinske tenestar som er avgrensa til å omfatta legevaktsordning og medisinsk naudmeldingsteneste.

Det er leitt å avvikle ei teneste som boknarane har sett slik pris på. Men eg er sikker på at Helse Fonna framleis vil gje boknarane gode og raske akuttmedisinske tenestar. Og kven veit; Kanskje kan realiseringa av Rogfast føre til ei stasjonering av ambulanse i Bokn i framtida?

**Stengt ferjesamband**

Langvarig austavind og storm førde til at Arsvågen ferjekai blei stengt ei heil helg i veke tre. Ferjesambandet Arsvågen-Mortavika har elles vore sporadisk stengt eller har hatt redusert drift, mellom anna som fylgje av vêret. Regulariteten på dette sambandet har etter måten vore svært god i alle dei 23 åra ferjene har trafikkert her. Dei problema som har oppstått, har vore knytt til Mortavika i sør, og då har ein brukt Mekjarvik som reservehamn.

Etter driftsavvika i vinter har debatten om reserveferjeleie i Nord-Rogaland igjen blussa opp. Det same temaet blei diskutert i åra etter opninga av Boknafjordsambandet. Den gongen blei det sett på reservehamn både i Knarholmen og Føresvik, men sidan driftsavvika viste seg å vere få, stilna debatten ganske raskt.

Ferjesambandet Arsvågen-Mortavika er landets nest mest trafikkerte ferjestrekk rett etter Moss-Horten sambandet. Difor er det opplagt at eit lengre driftsavvik får store samfunnsmessige konsekvensar. Likevel meinar eg at storsamfunnet bør ha litt is i magen i forhold til dette spørsmålet. Sjølv om ferjesambandet skal vere i drift endå 10-12 år, meinar eg det vil vere ufornuftig å investera store beløp i eit fullskala kaianlegg med tilhøyrande infrastruktur på Haugalandet. Langvarig austavind, slik ein har opplevd den siste tida, er sjeldan kost. Skulle det vise seg at dette blir vanlegare framover og driftsavvika hyppige, er det kanskje grunnlag for å vurdera mellombelse løysingar her på nordsida av Boknafjorden. Men kanskje må storsamfunnet leva med driftsavvika ei tid.

Eg synest det er viktigare å løfte debatten om ei fjerde gassferje i dette sambandet. Slik det er nå, høyrar det nærmast til unntaket at ein driftar sambandet med tre ferjer. For å sikra tre ferjer i drift på Boknafjorden, bør ein ha fire ferjer tilgjengeleg. Dette spørsmålet meinar eg er viktigare å gripe fatt i enn spørsmålet om ny ferjekai på Haugalandet.

*Ordføraren*

# - Det blei ei trist helg

Jardar Havikbotn

**Egil Ognøy har hatt ambulansevakt i Bokn i 32 år. Måndag 27. januar tok han farvel med den mobile alarmen.**

Den kommunale tilsynsmannen kallar alarmen, som er kobla til AMK-sentralen i Haugesund, for "sengekameraten" sin. Han har nemleg lege på nattbordet hans kvar tredje helg i 32 år. Egil hadde vakt den siste helga med beredskapsbilen.

Ein skulle kanskje tru at han var glad for at alarmen blei borte etter så lang tid, men Egil synest det er trist at det har blitt slik at ambulansen har forsvunne frå kommunen.

- Eg kjem nok til å vakna på nettene fleire gonger i framtida og tru eg høyrde alarmen, avsluttar han med eit vemodig smil.



**Egil Ognøy med "sengekameraten" sin gjennom 32 år.**

# Slutt for første respondertenesta i Bokn

Jardar Havikbotn

**27. januar kl. 07.30 gjekk døra igjen for godt for Bokn kommune sin beredskapsbil i første responder-teneste.**




**DØRA HAR GÅTT NED FOR AMBULANSESJÅFØRANE I BOKN KOMMUNE: fv. Tor Harald Alvestad, Egil Ognøy og Arild Ognøy.**

Vinteren 2013 utarbeida kommuneoverlege Jan Schille saman med ei gruppe tilsette rapporten «Evaluering av beredskapsbilen i Bokn og avklaringar av vegen vidare». Denne danna grunnlag for ei politisk sak. Rådmannen innstilte dette:

*Bokn kommune er kjent med fylgjande:*

*- Departementet har ikkje gjort endringar i kompetansekrava til mannskapa i ambulansetenesta.*

*- Kommunal lovpålagt ansvar for akuttmedisinske tenester er begrensa til å omfatte legevaktsordning og medisinsk nød meldingsteneste, jf. Kommunehelsetenestelova § 1-3 andre ledd nr. 2 og 7. Kommunen ivaratar dette ansvaret utan første responder tenesta.*

*- Ambulansetenesta er ei statleg oppgåve som er omfatta av dei regionale helseføretakenes sørge-for-ansvar, jf. Spesialisthelsetenestelova § 2-1a første ledd nr. 4).*

*- Helse Fonna har uttalt at det pr. i dag ikkje er grunnlag for ein eigen ambulanse stasjonert på Bokn enten denne er i eiga regi eller gjennom ein driftsavtale med Bokn kommune. Dei ynskjer ikkje å inngå ein driftsavtale med Bokn kommune om drift av ambulanse, ei heller gje tilskot for å opprettholde første responder tenesta i kommunen.*

*- På bakgrunn av dette og generell økonomi tilrår rådmannen kommunestyret til å leggje ned første responder tenesta i Bokn.*

Saka blei behandla i formannskapet 3. desember og i kommunestyret 17. desember i fjor. Kommunestyret vedtok som følge av dette å avvikla første responder tenesta i Bokn kommune. Bokn legg ned tenesta frå 01.02.14. (I praksis blei dette om morgonen 27. januar pga. vakant stilling i veke 5).

**- Blått lys sidan 2010**

Ordførar Kyrre Lindanger synest ikkje det er kjekt å legga ned den kommunale beredskapsbilen.

- Det har brent eit blått lys for ordninga sidan dei nye kompetansekrava kom i 2010. Alt har likevel si tid. Boknarane har hatt ei unik og god ordning med eigen ambulanse/beredskapsbil, men nå hadde Bokn kommune kome til eit punkt der ein vanskeleg kunne forsvare å bruke pengar på ei teneste som verken er lovpålagt for kommunen eller som Helse Fonna meinar det er grunnlag for å drifte vidare.

Ordføraren slår fast at samfunnsutviklinga ikkje har jobba for Bokn-ambulansen.

- Med kortare utrykningsveg for ambulansane gjennom T-sambandet og ny legebil stasjonert i Haugesund, blei det stadig vanskelegare å forsvara å ha ein eigen ambulanse/beredskapsbil stasjonert i Bokn, seier han.

**Til destruksjon**

I løpet av dei to neste månadene vil bilen bli avskilta, ambulansekjenneteikn blir tatt av og bilen skal leverast til opphogging. Dette opplyser seksjonssjef for Helse, sosial & barnevern, Hildegunn Andreassen.

- Bokn kommune har sett ned ei gruppe tilsette (sjåfør og sjukepleiar), leia av kommuneoverlege Jan Schille, til å sørga for ei forsvarleg avvikling av beredskapsbilen og handtering av utstyr. Kommunen har hatt og har framleis tett dialog med Helse Fonna vedrørande handtering av bil og utstyr, fortel ho.

**Utrykningstid ned - tilgjenge opp**

Leiinga av Helse Fonna viser til at deira risikovurdering av det akuttmedisinske beredskapen i området er dekka gjennom helseføretakets organisering av ambulansetenesta pr. i dag, **uavhengig** av Bokn kommunes første responderteneste.

Dei peikar også på at beredskapen er blitt styrka, særleg etter at T-forbindelsen kom; utrykningstida er gått ned og tilgjengeligheita for ambulansetenesta er gått opp.

**Svært godt akuttmedisinsk tilbod i Bokn**

Kommuneoverlege Jan Schille seier at Bokn-ambulansen har sikra god beredskap i Bokn i mange år, og eit flott mannskap har gjort ein kjempejobb for Bokn.

- I gjennomgangen frå i fjor vinter kom vi fram til at vi med T-forbindelsen og etablering av legebil i Helse Fonna no har eit svært godt akuttmedisinsk tilbod, også samanlikna med mange andre kommunar. Vi har fire bilambulansar, ein legebil, luftambulanse og Sea King i kort avstand rundt oss. Vi veit at krava til kunnskap og materiell i den akuttmedisinske kjeda aukar til gode for alle som vert akutt sjuke. Men, dette fører også til at tenester rundt om i Norge som har tent sine innbyggarar godt i mange år ikkje lengre møter desse krava, fortel kommuneoverlegen.

- Vi som befolkning krev meir av helsetenesta. Vi krev tryggleik. Skal dette ikkje vere ein falsk trygghet krev stadig aukande krav store ressursar ift øving, oppdatering og materiell. Dette er ei oppgåve kommunestyret ikkje lengre ser at ein kan løyse på forsvarleg vis, og då er diverre nedlegging ei naudsynt løysing. Boknarane har framleis eit akuttmedisinsk tilbod rundt seg som står seg svært godt i norsk samanheng, avsluttar kommuneoverlege i Bokn, Jan Schille.

## Kommunale avgifter og eigenandelar for 2014

| 1. Kommunale avgifter og eigenandelar for 2014 | | | |
|---|---|---|---|
| **Kommunale avgifter** | **2013** | | **2014** |
| (sats pr. år der ikkje anna er oppgitt) | **(inkl mva)** | **endring** | **(inkl mva)** |
| Slamavgift | 945 | 0 % | 945 |
| ½ slamavgift | 474 | 0 % | 474 |
| ¼ slamavgift | 246 | 0 % | 246 |
| ½ slamavgift 8m3 tank | 670 | 0 % | 670 |
| Slamavgift 12m3 tank | 1 341 | 0 % | 1 341 |
| Slamavgift 6m3 tank | 869 | 0 % | 869 |
| Slamtømming utanom ordinære tømmerutiner | | | etter faktura |
| **Feiing og brannsyn / tenesten vert kjøpt av Tysvær og vi fylgjer deira satsar** | | | |
| Feiing kvart år | 714 | 4 % | 745 |
| Feiing pr. pipe (kvart 2.år) | 455 | 9 % | 497 |
| Feiing pr. pipe (kvart 3.år) | 378 | 9 % | 412 |
| Feiing pr. pipe (kvart 4.år) | 343 | 9 % | 372 |
| Tilsyn med gassformig brensel | 229 | 8 % | 248 |
| Feiing hytter pr feiing. | 683 | 9 % | 745 |
| | | | |
| **Renovasjon / Med forbehald om at satsane vert vedtatt av HIM IKS sitt styre** | | | |
| Renovasjonsavgift standard | 3 097 | | 2 931 |
| Lite renovasjosabonnement | 2 646 | | 2 492 |
| Stort renovasjonsabonnement | 6 108 | | 5 863 |
| Abonnement.m/stor restavfallsdunk | 5 511 | | 5 276 |
| Abonnement m/stor papirdunk | 3 403 | | 3 224 |
| Hytte renovasjon | 1 921 | | 1 759 |
| Ekstra henteavstand inntil 30m | 1 534 | | 1 450 |
| | | | |
| **Kloakk** | | | |
| Kloakkavgift inntil 250 | 3 561 | 0 % | 3 561 |
| Kloakkavgift Hytte o.a. eigedomar | 1 775 | 0 % | 1 775 |
| Tilknytningsavgift kloakk | 25 000 | | 25 000 |
| Tilknytning avløp utanom hovudbruk | 6 250 | | 6 250 |
| | | | |
| **Vatn** | 0 | | 0 |
| Tilknytningsavgift vann | 25 000 | | 25 000 |
| Tilknytning vatn utanom hovudbruk | 6 250 | | 6 250 |
| vannavgift bolig | 5 459 | 0 % | 5 459 |
| Vannavgift gardsbruk | 8 735 | 0 % | 8 735 |
| Vannavgift hytte oa. eigedomar | 2 724 | 0 % | 2 724 |
| innstallasjon av vannmålar | 994 | 0 % | 994 |
| Fast abn.gebyr vatn (vannmålar) | 1 926 | 0 % | 1 926 |
| Forbruksgebyr vatn pr.kbm | 15 | 0 % | 15,00 |
| Leige av vannmålar tom 25mm | 496 | 0 % | 496 |
| Leige av vannmålar 25-50mm | 994 | 0 % | 994 |
| Leige av vannmålar 51-150mm | 1 788 | 0 % | 1 788 |
| Leige av vannmålar større enn 150mm | 7 946 | 0 % | 7 946 |

## Kommunale avgifter og eigenandelar for 2014 - framhald

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Bygdablad** | | | **(inkl. mva)** |
| Abonnement papir el.PDF | 404 | 0 % | 404 |
| Abonnement papir +.PDF | 578 | 0 % | 578 |
| Annonse: 1/8 side | 250 | 0 % | 250 |
| Annonse: halvside | 1 000 | 0 % | 1 000 |
| Annonse: heilside | 2 000 | 0 % | 2 000 |
| Annonse: kvartside | 500 | 0 % | 500 |
| Fastann.etter avtale | 0 | 0 % | |
| Privatannonse | 100 | 0 % | 100 |
| Nettannonse | 100 | 0 % | 100 |
| | | | |
| **Barnehage** | | | |
| **11 betalingsterminar endringstidspkt fra 1.aug.2014** | **pr. 01.08.13** | **endring** | **pr. 01.08.14** |
| Heildag - 5 dg/veke | 2 330 | 1 % | 2 360 |
| Heildag - 3 dg/veke | 1 398 | 2 % | 1 420 |
| Heildag - 2 dg/veke | 932 | 2 % | 950 |
| Kost 5dg/veke | 225 | 11 % | 250 |
| Kost 3 dg/veke | 155 | 0 % | 155 |
| Kost 2 dg/veke | 120 | 0 % | 120 |
| Dagplass | 200 | 1 % | 200 |
| kost dagplass | 10 | 30 % | 13 |
| | | | |
| **Diverse sal** | | **endring** | |
| Bygdabok pr. bind. | 450 | | 450 |
| CD v/Spurkeland | 150 | | 150 |
| Boknaspenna nål / smykke | 1 100,-/1.400,- | | 1 100,-/1.400,- |
| Krus | 75 | | 75 |
| Haug og heidi / Boknakyrkja (hefter) | 50 | | 50 |
| Kopiar svart/kvit ant.1-100 | 0,50 | | 0,50 |
| Kopiar svart/kvit ant.101-xxxx | 0,30 | | 0,30 |
| Kopiar farge ant. 1-100 | 2,00 | | 2,00 |
| Kopiar farge ant. 101-xxxx | 1,50 | | 1,50 |
| Plastlaminering | 10,00 | | 10,00 |
| | | | |
| **Musikkskulen** | | **endring** | **ingen mva** |
| Einetimar (20 min) | 699 | 5,00 % | 734 |
| Einetimar (30 min.) | 1 048 | 5,00 % | 1 100 |
| Delt time (20 min) | 350 | 5,00 % | 368 |
| Delt time (30 min.) | 524 | 5,00 % | 550 |
| Instrumentalgrupper | 720 | 5,00 % | 756 |
| Leige instrument | 338 | 5,00 % | 355 |
| sang, dans,drama | 557 | 5,00 % | 585 |
| Rådmannen får fullmakt til å fastsette brukarbetaling for kortare kurs og tilbod | | | |
| Søskenmoderasjon 30% på rimelegaste aktivitet. | | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Søskenmoderasjon barnehage 30% (på rimelegaste tilbud) | | | |
| Søskenmoderasjon SFO 30% (på rimelegaste tilbud / også i kombinasjon med barnehage) | | | |
| Søskenmoderasjon 50% på barn 3. | | | |
| **SFO - takstendring fom 1.08.2014** | | | |
| **10 betalingsterminar (bet.fri. juni og juli)** | **2012/2013** | **endring** | **2013/2014** |
| Heil plass skuledagar | 2 243 | 5,00 % | 2 355 |
| Heil plass skuledagar + skulefridagar | 3 310 | 5,00 % | 3 476 |
| Skulefridagar | 1 067 | 5,00 % | 1 120 |
| 5 dg/u. Før skulestart | 748 | 5,00 % | 785 |
| 5 dg/u Frå skuleslutt til 1410 | 344 | 5,00 % | 361 |
| 5 dg/u Frå 1410 til 1630 | 1 151 | 5,00 % | 1 209 |
| 3 dg/u. Før skulestart | 435 | 5,00 % | 457 |
| 3 dg/u Frå skuleslutt til 1630 | 670 | 5,00 % | 704 |
| 2 dg/u. Før skulestart | 310 | 5,00 % | 326 |
| 2 dg/u Frå skuleslutt til 1630 | 480 | 5,00 % | 504 |
| Frukost alle dagar | 211 | 5,00 % | 222 |
| Frukt alle dagar | 0 | | |
| **Pleie og omsorg** | | | |
| | **2013** | | **2014** |
| Opphald og hjelp i heimen fylgjer dei maksimalsatsane som Stortinget vedtar. *) | | Maksimalt vederlag pr. mnd | |
| Fribeløp før beregning av vederlag | | | 7 250 |
| Kostnad pr. liggedøgn iflg.rekneskap 2012 | 3 490 | | |
| (forutsetning for vederlagsberekninga) | | | |
| Dag/natt opphald *) | 72 | 3 % | 74 |
| Døgn opphald *) | 137 | 3 % | 142 |
| Heimehjelp timar inntil 2 G | 40 | 180 | 44 |
| Heimehjelp timar 2G-3G | 46 | 770 | 51 |
| Heimehjelp timar over 3G | 66 | 825 | 73 |
| Trygghetsalarm pr.mnd. Kr 115,- | | | 1 380 |
| Middag | 60 | 3,00 % | 62 |
| Middag dagsenteret | 60 | 3,00 % | 62 |
| | | | |
| **Husleigeinntekter** | | | |
| Husleiga på kommunale bustader vert indeksregulert 1.10. med konsumprisindeksen | | | |
| Husleiga på omsorgsbustader vert justert med 10% fom 1/1-14, deretter indeksregulering lik andre kommunale bustader | | 10 % | |
| **Nye gebyr ved manglande betaling (ihht inkassoforskriften)** | | | **max sats** |
| Purregebyr | | | pt. 63,- |
| Innkassogebyr | | | pt. 189,- |
| Forsinkelsesrente | | | pt. 9,5% |
| **Oppmåling og tinglysningsgebyr vert fakturert etter faktisk kostnad + kommunalt adm.gebyr på kr 95** | | | |

## Kommunale avgifter og eigenandelar for 2014 - framhald

| **Tiltak som krev søknad om løyve etter pbl § 20-1** | | | |
|---|---|---|---|
| | **2013** | **auke** | **2014** |
| Bustader og fritidsbustader i regulert område | 7 303 | 15 % | 8 398 |
| Bustader og fritidsbustader i uregulert område | 9 737 | 15 % | 11 198 |
| Driftsbygningar/ landbruksbygg over 1000 m2 BRA | 10 225 | 15 % | 11 759 |
| Mellombels bygg og anlegg som skal stå meir enn 2 år | 3 651 | 15 % | 4 199 |
| Bryggje, molo m.m. | 3 651 | 15 % | 4 199 |
| Brønn, basseng dam | 3 651 | 15 % | 4 199 |
| Garasje, naust, uthus, redskapshus og liknande | 3 651 | 15 % | 4 199 |
| Nybygg med bruksformål industri, forretning, kontor, lager, off.bygg m. m | 10 225 | 15 % | 11 759 |
| Fasadeendring o.l., tilbygg BRA over 50 m2 | 4 869 | 15 % | 5 599 |
| Bruksendring | 2 435 | 15 % | 2 800 |
| Riving | 2 435 | 15 % | 2 800 |
| Byggeteknisk installasjon, pipe, heis og liknande | 2 435 | 15 % | 2 800 |
| Oppdeling/ samanføying av bustadeiningar | 2 435 | 15 % | 2 800 |
| Innhegning mot veg, skilt eller reklame | 2 435 | 15 % | 2 800 |
| Frådeling av eigedom | 2 435 | 15 % | 2 800 |
| Vesentleg terrenginngrep | 2 435 | 15 % | 2 800 |
| Veg og parkeringsplassar | 2 435 | 15 % | 2 800 |
| | | | |
| **Tiltak som krev søknad og løyve etter pbl § 20-2 og som tiltakshavar skal stå føre** | | | |
| Mindre tiltak på bygd eigedom | 1 461 | 15 % | 1 680 |
| Alminneleg driftsbygning i landbruket opp til 1000 m2 BRA | 2 435 | 15 % | 2 800 |
| Mellombels bygg og anlegg som skal stå mindre enn 2 år | 1 461 | 15 % | 1 680 |
| Fasadeendring og liknande, tilbygg opp til 50m2 BRA | 1 461 | 15 % | 1 680 |
| Garasje, naust, uthus, reiskapshus og liknande opp til 70 m2 | 1 461 | 15 % | 1 680 |
| | | | |
| **Andre gebyr** | | | |
| Dispensasjon etter pbl § 19-1 | 4 869 | 15 % | 5 599 |
| Løyve til å setja i gang | 2 435 | 15 % | 2 800 |
| Minstegebyr, andre slag arbeid | 2 435 | 15 % | 2 800 |
| Utsleppsløyve for nye og rehab. av private avlaupsanlegg | 3 651 | 15 % | 4 199 |
| Godkjenning av ansvarsrett utan sentral godkjenning | 1 947 | 15 % | 2 239 |
| Godkjenning av ansvarsrett med sentral godkjenning | | 15 % | - |
| Tilleggsgebyr for ulovlege tiltak som kommunen blir merksam på og som ein må forfølgja. Gebyret kjem i tillegg til andre byggesaksgebyr | 9 660 | 15 % | 11 109 |
| | | | |
| **Plansaker etter pbl kap. 12** | | | |
| Detaljplan i samsvar med overordna plan i byggeområde under 20 daa | 38 640 | 15 % | 44 436 |
| Detaljplan i samsvar med overordna plan i byggeområde 20 - 50 daa | 64 400 | 15 % | 74 060 |
| Detaljplan i samsvar med overordna plan i byggeområde over 50 daa | 90 160 | 15 % | 103 684 |
| Detaljplan ikkje i samsvar med overordna plan i byggeområde under 20 daa | 64 400 | 15 % | 74 060 |
| Detaljplan ikkje i samsvar med overordna plan i byggeområde 20 - 50 daa | 90 160 | 15 % | 103 684 |
| Detaljplan ikkje i samsvar med overordna plan i byggeområde over 50 daa | 115 920 | 15 % | 133 308 |
| Mindre reguleringsendring | 12 880 | 15 % | 14 812 |

# Nyttårshelsing frå varaordføraren

Bokn kyrkje 31.12.13

**Kjære kirkelyd**

Året 2013 er snart historie, og nok et år er gått. For mange av oss er det en travel hverdag som gjør at dagene og ukene «flyger» fra oss. Unger skal i barnehage eller skole, matpakke skal smøres, alt før en kan skynde seg av gårde for å gjøre dagens plikter. For mange oppleves nok «tidsklemma» som mer reell enn et moderne uttrykk. Tiden frem mot jul kan være ekstra travel, juletre skal kjøpes, huset skal pyntes både utvending og innvendig, og ikke minst gaver skal kjøpes. Og vi stiller oss samme spørsmål som i fjor, hva skal jeg kjøpe til noen som har alt? Men når juletiden kommer, gir det oss et etterlengtet pust i bakken, og kvalitetstid med familien. Men og tid til refleksjon og ettertanke rundt året som har gått, og året som står fremfor oss.

2013 har vært et hendelsesrikt år. Det er 100 år siden kvinner fikk stemmerett på lik linje med menn, og mye har skjedd med likestillingen i løpet av disse årene. Men det skulle likevel gå bortimot 70 år før vi fikk vår første kvinnelige statsminister i Gro Harlem Brundtland. Stortingsvalget 9. september har medført et regjeringsskifte hvor vi ikke bare har fått en ny kvinnelig statsminister, men også en kvinnelig finansminister. Mange har ment at årets stortingsvalg ikke bare var et stortingsvalg, men også et retningsvalg for det norske samfunnet. Endringer vil det bli, men hovedlinjene både økonomisk og samfunnsmessig ligger godt forankret.

Vi bor i et land med god økonomi, lav arbeidsledighet og et velfungerende demokrati. Vi skal ikke langt utenfor landets grenser før en ser at det ikke er en selvfølgelighet. Flere land i Europa sliter med finanskrise, stor arbeidsledighet og sosial uro. Lediggang er som sagt roten til alt ondt! Selv om enkelte eksperter mener nå at Europa er på bedringens veg. Så vi må sette pris på hvor godt vi har det her i kommunen og ellers i landet.

Kvaliteten med å bo i Norge er mange, og en av dem er evnen til å bry seg om hverandre. Dette kom virkelig frem i sammenheng med årets TV-aksjon som handlet om demens. Demens kan ramme oss alle, og pengene som ble samlet inn gikk uavkortet til forskning, informasjon og opplæring. Boknarane er rause, og givergleden viste de igjen i årets aksjon. I snitt gav hver innbygger 248 kr, det er særdeles bra! Det gir oss en tredjeplass i landet, kun slått av småkommuner som Utsira og Svalbard.

Ikke kun givergleden, men også den gode ånden til å mobilisere når uforutsette hendelser skulle inntreffe kjennetegner boknasamfunnet. Det viste en igjen når stormen herjet som verst i begynnelsen av desember. Stormen medførte både innstilte ferjeavganger og stengte broer. Og et hundretalls personer som kun hadde planlagt gjennomreise, fikk seg et ufrivillig opphold på Bokn. For enkelte varte oppholdet borti mot et døgn. Det ble på kort varsel organisert både utkjøring av varm mat og tilsyn med de stormfaste. Denne dugnadsinnsatsen ble lagt merke til og dekket av riksdekkende media. Og selv om samfunnet stadig endrer seg, er det viktig å holde fast på den gode egenskapen med å bry seg om medmennesker.

Lokalt skjer det mye. Etter 6 års omfattende og krevende arbeid med kommuneplanen, ble den enstemmig vedtatt i kommunestyret 17. desember. Gjennom en god dialog med regionale styresmakter fikk Bokn gjennomslag innenfor viktige områder som folkehelse, næring, bolig og offentlige formål. Områder som vil skape vekst og utvikling på Bokn. Akkurat den «gode dialogen» kan overføres til hverdagen, og mange misforståelser kan unngås gjennom kommunikasjon. Filosofen Karl Popper beskrev den gode samtalen slik: «Jeg kan ta feil, og du kan ha rett, men gjennom å møtes kan vi kanskje komme nærmere sannheten, sammen». Det ligger mye i disse ordene.

Det er stor optimisme og tro på Bokn blant våre innbyggere og politikere. Og en kan nevne ny avdeling for barnehagen ble åpnet i høst, noe som gir økt kapasitet og tumleplass for de minste. Det pågår en aktiv utbygging av fiber, hvor kommunen har fått en god avtale med utbygger med lik pris uansett beliggenhet i kommunen. Arbeid med flerbrukshall pågår for fullt, hallen blir en viktig samlingsplass med tanke på idrett og kultur. Noe som igjen generer trivsel og folkehelse. Ny Føresvikveg er vedtatt, og vil bli startet opp i 2014/2015. Dette avhenger av kapasiteten på prosjektering hos Statens vegvesen. At det blir bygd ny veg til Føresvik er på høy tid, vegen fremstår i dag som lite trafikkvennlig, spesielt med tanke på myke trafikanter. Nytt kommunalt boligfelt på Fyren er regulert og vedtatt, og blir lagt ut for salg i løpet av 2014. Og ikke minst er det generelt høy aktivitet i bustadbyggingen.

Nye samferdselsprosjekt både lokalt og regionalt vil med tida endre samfunnet på Bokn. T -forbindelsen åpnet i september, noe som endret kjøremønsteret på Haugalandet. Den har gitt oss kortere veg til både Haugesund og Karmøy. Og om kanskje så lite som 10 år kan Rogfast være en realitet, og gi oss en reisetid på 25 min til Stavanger. Dette er endringer som vi må ta innover oss, og spørsmålet som blir mye diskutert hvor stort skal Bokn bli? 1000, 2000, 3000 eller enda flere innbyggere?



**Lars Norekvål**

For hver og en av oss har 2013 gitt oss ulike opplevelser. Noen hendelser har vært hyggelige, og noen mindre hyggelige. Mye bestemmer vi over selv, og enkelte ting bestemmer vi ikke over. Året 2013 er gått, og det som har skjedd kan en ikke forandre. Men hver enkelt av oss kan påvirke sin egen hverdag i året som kommer. Hvordan 2014 skal oppleves for hver og en av oss kan vi i stor grad påvirke selv. Jeg vil igjen henvise til Karl Poppers kloke ord, og oppfordre til å ta den «gode samtalen».

Året 2014 inneholder flere jubileum. Det vil være 100 år siden første verdenskrig startet, et lite hyggelig jubileum, men også en viktig påminnelse om hva krig kan medføre av sorg og lidelser. Langt hyggeligere er 200 års jubileumet for grunnloven vår. 17. mai 2014 vil det være 200 år siden grunnloven ble vedtatt på Eidsvoll. Det er neppe noe folk i verden som feirer sin nasjonaldag med mer glede og stolthet enn vi i Norge gjør. Og 17. mai 2014 vil bli ekstra spesiell.

Avslutningsvis vil jeg runde av med et kinesisk ordtak om å tenke positivt:
«Det er bedre å tenne et lys enn å forbanne mørket. Ønsk velkommen det du ikke kan unngå. Himmelen lånte deg en sjel og jorden vil låne deg en grav.»
Med det vil jeg ønske alle et godt og fredelig nyttår!

**Med vennlig hilsen**
**Lars Norekvål**
**Varaordfører**

Kommunestyremøte 17.12.2013, sak 048/13

**Forvaltningsrevisjonsrapport - økonomisk sosialhjelp.**

**Kommunestyret sitt vedtak:**
1. Bokn kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte sin forvaltningsrevisjonsrapport om økonomisk sosialhjelp og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølginga av rapporten innan 6 måneder etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Kommunestyremøte 17.12.2013, sak 049/13

**Oppfølging av gjennomført selskapskontroll i Interkommunalt Arkiv IKS.**

**Kommunestyret sitt vedtak:**

Bokn kommunestyre tar tilbakemeldinga frå Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS på oppfølging av selskapskontroll til orientering.

Kommunestyremøte 17.12.2013, sak 050/13

**Saksutgreiing skuleadministrativt system (SAS) Bokn skule.**

**Kommunestyret vedtok:** Det vedtas at skulen investerar i Visma flyt skule. Investering i 2013 på kr. 46 000,- vert dekka av reservert løyving. Investeringa for 2014, kr. 14 000 samt årlige vedlikehald kostnader kr. 55 200,- innarbeidas i økonomiplan.

Kommunestyremøte 17.12.2013, sak 051/13

**Sak om startlån for 2013.**

**Kommunestyret vedtok:** Bokn kommunestyre vedtar å ta opp Startlån frå Husbanken for vidare tildeling med kr. 1.500.000,-.Lånet er eit annuitetslån med ei total løpetid på 30 år med flytande rente.Lånevilkåra fylgjer dei til eikvar tid gjeldande reglar i Husbanken.

Kommunestyremøte 17.12.2013, sak 052/13

**Utviding av eigarskapet i Haugaland Vekst IKS.**

**Kommunestyret vedtok:**
*1. Bokn kommune vedtar å slutte seg til foreslåtte endringer i avtaleverket knyttet til at Karmøy, Vindafjord, Etne og Sauda kommer inn på eiersiden i Haugaland Vekst IKS, med ny selskapsavtale og fornyelse av tjenesteleveranseavtalen.*
*2. Bokn kommunestyre gir ordføreren fullmakt til å signere avtalene på vegne av Bokn kommune:*
*a. Selskapsavtale*
*b. Tjenesteleveranseavtale*
*3. Bokn kommunestyre foreslår at ordfører Kyrre Lindanger velges inn i representantskapet i Haugaland Vekst IKS*
*4. Bokn kommunestyre godkjenner at valg av representanter til styret skjer i henhold til vedtatt selskapsavtale. Rådmannen får fullmakt til å foreslå stryrerepresentanter fra Bokn.*
*5. Bokn kommunestyre godkjenner at Suldal kommune gis anledning til å komme inn på eiersiden i Haugaland Vekst på lik linje med de andre kommunene i selskapet og i henhold til likelydende vilkår som følger av godkjente avtaler under punkt 1 ovenfor. Kommunenes representant i representantskapet gis dermed fullmakt til å stemme for Suldal kommunes inntreden i Haugaland Vekst.*
*6. Selskapsavtalen skal innen 01.07.2015 revideres av styret og representanskapet med sikte på å avklare behovet for justeringer av avtalen og selskapets eier- og driftstruktur som følge av nyetablert eierstruktur og delt strukturering av tjenesteleveranseavtaler.*

Kommunestyremøte 17.12.2013, sak 053/13

**Klage på kommunestyrets vedtak reguleringsplan for E39 ROGFAST, DETALJREGULERING FOR VEG I DAGEN VED AUSTRE BOKN PLAN 11452012005 .**

**Kommunestyret vedtok:**

1. Klagene på kommunestyrets vedtak av reguleringsplan for 11452012005 Austre Bokn med plankartene R501,R502 og R503, tas ikke til følge, jfr pbl § 1-9.
2. Klagesaken går videre til kommunestyret.
3.. Klagesaken oversendes fylkesmannen for endelig avgjørelse.
Vedtatt med 14 mot 1 røyst frå KrF

Kommunestyremøte 17.12.2013, sak 054/13

**Første beredskapsbilen i Bokn kommune - er det en bærekraftig og fremtidsrettet teneste i Bokn?**

**Kommunestyret vedtok:** i tråd med formannskapet si innstilling vedtok kommunestyret å stetta rådmannen si innstilling om å legga ned første respondertenesta i Bokn kommune.

Kommunestyremøte 17.12.2013, sak 055/13

**Kontrollutvalet sitt budsjettframlegg for 2014.**

**Kommunestyret sitt vedtak:** Kontrollutvalet si innstilling vart vedtatt.

Kommunestyremøte 17.12.2013, sak 057/13

**Forslag til nye retningslinjer fiskerinaust i Knarholmen.**

**Kommunestyret vedtok:** i tråd med formannskapet si tilråding vedtok kommunestyre forslag til:
1. "RETNINGSLINJER FOR FESTE AV TOMTER TIL FISKERIFORMÅL I KNARHOLMEN» og
2. «RETNINGSLINJER FOR SALG AV TOMTER TIL FISKERIFORMÅL I KNARHOLMEN.»

Kommunestyremøte 17.12.2013, sak 059/13

**Politisk nemndsstruktur i Bokn kommune.**

**Kommunestyret vedtok:** med 11 mot 4 røyster blei vedtatt å ikkje oppretta eit utval for oppvekst og velferd.

# Gratulerer!



**Hanna Røsdal Lund - 3 år, 27. des.**

Hipp Hurra for den flotte og kjekke jenta vår. Gratulerer med dagen Hanna.

**Hilsen Magne og Lovise, mamma og pappa.**



**Annelin D. Jøsang - 13 år, 4. januar.**

Me vil gratulera den supra tenåringsjenta vår med 13 års dagen 4. januar. Kjempeglade i deg.

**Klem fra mamma, pappa og Bjørn Ove.**



**Berit Are - 70 år, 7. januar.**

Vil gratulere mor, svigermor, farmor og mormor med 70 årsdagen 7. januar!

**Hilsen turgjengen**



**Herborg Grønnestad - 75 år, 31. jan.**

Gratulere med dagen!

**Stor klem fra Malvin og alle små.**



**Jorun Larsen - 70 år, 8. februar.**

Gratulerer med dagen!

**Hilsen fra heile slekten på Bokn.**



**Julie Bokneberg - 17 år, 21. februar.**

Gratulera så masse med 17 årsdagen 21. feb., bestaste Julie ♥

Stor klem frå Celina, Eskil & mamz.

post@bygdabladet.no MMS: 98 22 15 08

## Bokn Bygdablad for 20 år sidan

## FRÅ NR. 1 1994

### RESTAURANT OG SELSKAPSLOKALE PÅ ARSVÅGEN?




2. etasje i terminalbygget på Arsvågen kan nå bli sett i stand og utbygd til selskapslokale/restaurant. Bokn kommune har i drøftingar med ulike instanser fått tilsagn om at både Vegsjefen og Tungenes Ferjeterminal kan vera medspelarar i eit samarbeid med kommunen for å utnytta 2. etasje i terminalbygget.

Totale kostnader vil bli rundt kr. 600.000.

Det har dei siste åra vore etterspørsel etter eit skikkeleg selskapslokale både til lokale brukarar og tilreisande. Dersom ein nå kan få til fleksible lokale som kan brukast både til mindre og større samlingar, vil dette bli møtt med glede av mange som i dag må leiga lokale andre stader. Også reiseselskap o.l. har etterlyst stader kor dei kan stoppa og få seg eit måltid mat.

Det er ikkje endeleg avgjordt om og når prosjektet skal realiserast, men det er nok vilje frå kommunalt hald til å få det gjennomført så fort som muleg.

## - Titt, titt, her e eg så blei født i 2013



**Emil Odland Alvestad 09.11.13**

Cecilie Odland & Lars-Øyvind Alvestad

Sidan 2002 har Bokn Bygdablad presentert nye boknarar med bilde. Dette er første gong med berre ein person, men så er det jo sjefen sjølv då! På gjensyn om eit år.

# KULTURKALENDEREN

**Februar**
16. Gudsteneste kl. 11.00
16. Bokn IL har årsmøte i Idrettshuset
17. Bokn musikkorps har årsmøte kl. 19.00
18. Sokneådsmøte på Bedehuset kl. 19.00
19. Dåpsskule for 1. klassingar i Allrommet på Boknatun kl. 16.30-19.30 (saman med ein vaksen)
20. KODE B på soknehuset i Tysværvåg
20. Bedehuset: Israelsmisjon kl. 19.00
